

Yngve Myhre tilbake til Brann.

17.12.2012

Uskedelingen Yngve Myhre er frå nyttår tilbake som fysioterapeut og fysisk trenar i Brann si ungdomsavdeling. Myhre hadde fleire års fartstid i same jobben då han slutta i september for å ta vidareutdanning i England. Desse studiane har han no lagt på is, og dermed vert det eit svært populært comeback i støtteapparatet i Brann si utviklingsavdeling.

- Det er veldig kjekt å få ønske Yngve velkommen tilbake til Brann. Vi har savnet ham i den korte tiden han har vært borte, og vi er glade for at han ville komme tilbake til Brann og jobbe sammen med oss, seier Rune Soltvedt som no leiar utviklingsavdelinga i Sportsklubben Brann til brann.no.

Yngve har no skrive under ein kontrakt som bind han til Brann ut 2014.

Yngve fortel vidare til brann.no at han har sakna å jobbe i eit prestasjonsmiljø med idrettsutøvarar, og då spesielt fotballspelarar. Han har òg sakna folka i utviklingsavdelingen i Brann. Samstundes synes han ikkje at studielivet var så fantastisk som han hadde førestilt seg. Han har derfor bestemt seg for å leggje studiene på is og heller jobbe med noko han brenn for, nemleg utvikling av fotballspelarar.

Med det talentarbeidet som vi har vore vitne til i Brann dei seinare åra, skjørnar vi godt at den unge fysioterapeuten ser på dette som inspirerande og utfordrande jobb. Det vert nok interessant framover og!

Meir om saka ved å klikka på: <http://www.brann.no/latest-news/article/n49knh0xdnwr1fdks5iwaabjh/title/nysignering-i-utviklingsavdelingen>

Tekst: Thor Inge Døssland

Foto: www.brann.no